



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Nina Erdal	<b>Arkivkode:</b> FE-200, TI-&14
<b>Arkivsaksnr:</b> 18/338	<b>Løpenr:</b> 18/4175
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Formannskapet	31.05.2018	022/2018
Kommunestyret	14.06.2018	018/2018

## Økonomirapportering pr 1.tertial 2018

### 14.06.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Lena Tveit (Bl) hadde ein merknad til ei setning på sida 8 i møteinnkallinga, om krevjande pasientar som krev auka bemanning, som ho meiner kan vera stigmatiserande.

Rådmann Charlotte Hageberg, sektorleiar Rita Ludvigsen og økonomisjef Nina Erdal svara på spørsmål frå kommunestyret.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

### KS- 018/2018 Vedtak:

Det vert gjort fylgjande budsjettjusteringar:

	Utgift opp/ Inntekt ned	Utgift ned/ Inntekt opp
<b>Driftsbudsjettet:</b>		
Redusert skatt	1 600 000	
Auka inntektsutjamning		600 000
Auka rammetilskot		26 000
Eigedomsskatt	465 000	
Konsesjonskraft		800 000
Auka tilskot IMDI		102 200
Næringsbygg Bjørkheim, rivning og opprydding		200 000
Finansiering næringsfond	200 000	
Innsparing tenester for funksjonshemma		150 000
Meirforbruk sjukeheim / manglande inntekt sal av plassar	200 000	
Innsparing løn heimetenester		350 000
Innsparing helsetun		100 000
Innsparing økonomikontor		300 000
Barnevern		250 000
Hjertestartar	46 000	
Overført til pålagt innsparing organisasjon	367 200	
<b>Investeringsbudsjettet:</b>		
Frigjeringsutstyr brann	7 000	
Finansiering ubunde investeringsfond		7 000
Sal av tomt i Rolvsvåg industriområde		379 000
Avsett til ubunde investeringsfond	379 000	
Investering Rolvsvåg vassverk	102 300	
Finansiering ubunde investeringsfond		102 300
Investering Bjørkheim	11 250	
Finansiering ubunde investeringsfond		11 250
Sal av hus på Garnes		3 270 000
Utgift i samband med sal inkl tømning av hus	270 000	
Avsett til investeringsfond sjukeheim	3 000 000	
<b>Kontrollsum</b>	<b>6 647 750</b>	<b>6 647 750</b>

### 31.05.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### FORM- 022/2018 Vedtak:

Det vert gjort fylgjande budsjettjusteringar:

	Utgift opp/ Inntekt ned	Utgift ned/ Inntekt opp
<b>Driftsbudsjettet:</b>		
Redusert skatt	1 600 000	
Auka inntektsutjamning		600 000
Auka rammetilskot		26 000
Eigedomsskatt	465 000	
Konsesjonskraft		800 000
Auka tilskot IMDI		102 200
Næringsbygg Bjørkheim, rivning og opprydding		200 000
Finansiering næringsfond	200 000	
Innsparing tenester for funksjonshemma		150 000
Meirforbruk sjukeheim / manglande inntekt sal av plassar	200 000	
Innsparing løn heimetenester		350 000
Innsparing helsetun		100 000
Innsparing økonomikontor		300 000
Barnevern		250 000
Hjertestartar	46 000	
Overført til pålagt innsparing organisasjon	367 200	
<b>Investeringsbudsjettet:</b>		
Frigjeringsutstyr brann	7 000	
Finansiering ubunde investeringsfond		7 000
Sal av tomt i Rolvsvåg industriområde		379 000
Avsett til ubunde investeringsfond	379 000	
Investering Rolvsvåg vassverk	102 300	
Finansiering ubunde investeringsfond		102 300
Investering Bjørkheim	11 250	
Finansiering ubunde investeringsfond		11 250
Sal av hus på Garnes		3 270 000
Utgift i samband med sal inkl tømning av hus	270 000	
Avsett til investeringsfond sjukeheim	3 000 000	
<b>Kontrollsum</b>	<b>6 647 750</b>	<b>6 647 750</b>

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det vert gjort fylgjande budsjettjusteringar:

	Utgift opp/ Inntekt ned	Utgift ned/ Inntekt opp
<b>Driftsbudsjettet:</b>		
Redusert skatt	1 600 000	
Auka inntektsutjamning		600 000
Auka rammetilskot		26 000
Eigedomsskatt	465 000	
Konsesjonskraft		800 000
Auka tilskot IMDI		102 200
Næringsbygg Bjørkheim, rivning og opprydding		200 000
Finansiering næringsfond	200 000	
Innsparing tenester for funksjonshemma		150 000
Meirforbruk sjukeheim / manglande inntekt sal av plassar	200 000	
Innsparing løn heimetenester		350 000
Innsparing helsetun		100 000
Innsparing økonomikontor		300 000
Barnevern		250 000
Hjertestartar	46 000	
Overført til pålagt innsparing organisasjon	367 200	
<b>Investeringsbudsjettet:</b>		
Frigjeringsutstyr brann	7 000	
Finansiering ubunde investeringsfond		7 000
Sal av tomt i Rolvsvåg industriområde		379 000
Avsett til ubunde investeringsfond	379 000	
Investering Rolvsvåg vassverk	102 300	
Finansiering ubunde investeringsfond		102 300
Investering Bjørkheim	11 250	
Finansiering ubunde investeringsfond		11 250
Sal av hus på Garnes		3 270 000
Utgift i samband med sal inkl tømning av hus	270 000	
Avsett til investeringsfond sjukeheim	3 000 000	
<b>Kontrollsum</b>	<b>6 647 750</b>	<b>6 647 750</b>

### Kva saka gjeld:

Det vert rapportert til Kommunestyret på den økonomiske situasjonen pr. april 2018. Det vert brukt tal og informasjon pr. 31.mars der me ikkje har oppdatert informasjon. Rapporten kjem i tillegg til finansrapporteringa for 1.tertial 2018. Det vert sett på hovudinntektsområde som skatt- og rammeinntekter, konsesjonskraft og eigedomsskatt. Kommunen bruker KS sitt rapporteringsverktøy «bedre styring» til budsjettkontroll og fråvær pr. eining. Einingsleiarane rapporterer til sektorleiar og rådmann kvar månad. Dersom det er avvik må einingsleiar sette i gang tiltak der det er nødvendig.

### Skatt og rammeinntekter:

I statsbudsjettet for 2018 er skatteveksten på årsbasis anslått til 1,3 % for kommunane. Pr mars var veksten på 3,8 %. I Samnanger har me pr april fått inn mindre i skatt enn på same tid i år. Pr mars ligg me på 92,3 % av landsgjennomsnittet. Pr april har kommunen fått inn 1,6 mill kroner mindre enn det som er budsjettet. Dersom dette ikkje endrar seg i løpet av året vil me få ein større inntektssvikt her. Noko av inntektssvikten vert kompensert gjennom inntektsutjamning og inkludert den ligg me på 95,8 %. Naturressursskatten vert utbetalt i februar og april og for desse to månadane ligg Samnanger over landsgjennomsnittet. Resultatet for april vil vera klart ca 20. mai. Pr mars viser prognosen at kommunen vil få noko meir i inntektsutjamning enn budsjettet, ca 600 000.

Når det gjeld rammetilskotet vil kommunen få kr 26 000 meir enn budsjettet.

### Oppsummert skatt- og rammetilskot:

Inntekt frå skatt ser ut til å bli lågare enn budsjettet og pr april er inntekta kr 1,6 mill under budsjett. Inntektsutjamninga ligg over budsjett med ca 600 000 og rammetilskot vil bli kr 26 000 meir enn budsjettet. Erfaring har vist at skatt er eit vanskeleg område å estimere og låg skatteinngang tidleg på året kan endre seg til skatteinngang som budsjettet. Det vil likevel vere rett å budsjettjustere i samsvar med det me veit pr no.

### Konsesjonskraft

Det er budsjettet med inntekt på kr 3,1 mill. Dette vart gjort med bakgrunn i prisane som var estimert i oktober 2017. Inntektsprognosen som me no har mottatt frå BKK pr april er på ca kr 3,9 mill. Dvs prognosen viser auka inntekt på kr 800 000.

Kommunen sel konsesjonskrafta på 22,3 GWh på spotmarknaden. 40 % av krafta vert selt i perioden januar –april, 30 % i perioden mai - september og 30 % i perioden oktober – desember. Det er fleire element som er med på å påverka prisen, mellom anna hydrologis balanse (fyllingsgrad, snøsmelting mm), temperatur og ver påverkar prisen, pris på andre energi kjelder som olje og kull, mm.

### Eigedomsskatt

Det er budsjettet med inntekt frå eigedomsskatt på kr 12,75 mill., i 2017 var inntekta på kr 13,8 mill. Verk og bruk og næring betaler 7 promille, og hus og hytter betaler 2,4 promille av takst. Statnett har bedt om nye takstar for 2018 basert på høgsterettsdommen sommaren 2017 (Statnett II dommen). Dette vil og gjelde andre linjer og trafostasjonar og går på at det skal nyttast lineær avskrivning ved berekning av verdi. Me har fått inn framlegg til nye takstar for BKK as sine anlegg og dei nye takstane vil gje redusert inntekt i 2018 på ca kr 465 000.

Den nye eigedomsskattelova som er vedtatt skal gjelde frå 2019 krev at det som då vert tidlegare verk og bruk skal takserast på nytt. Inntektsgapet mellom verk og bruk takstar og næringstakstar skal trappast ned over 7 år og det er og sagt at kommunane skal få kompensert for dette tapet. Det er og lagt inn tilskot i statsbudsjettet til meirarbeidet med nye takseringar, men det er for tidleg å sei om kompensasjonen vert nok til å dekke auka utgift i 2018 og inntektstap frå 2019.

### Tilskot frå IMDI ((integrerings- og mangfoldsdirektoratet)

Satsane er blitt oppjustert for 2018 og kommunen får inn kr 102 200 meir enn budsjettet. Totalt sett får kommunen tilskot for 4 personar som er busett i 2017, 16 personar som er busett i 2016 og 2 personar som er busett i 2014.

### Næringsbygg på Bjørkheim

Næringsbygget på Bjørkheim (tidl. Laga og Dekorina) skal rivast og tomta klargjerast. Estimert kostnad er på ca 200 000. Me foreslår å bruka næringsfondet til å finansiera dette.

## Sektorane

### Sektor oppvekst:

	Lønn og refusjon			Andre utgifter				Inntekter				Meirforbruk +	
	rekneskap	Budsjett	avvik	rekneskap	Budsjett	avvik	korrigert avvik	rekneskap	Budsjett	avvik	korrigert avvik		sum avvik
Skule- og barnehage (adm.felles)	577 030	892 250	-315 220	1 737 362	1 484 000	253 362	253 362	0	-849 000	849 000	-800 000	49 000	-12 858
Barnehageeininga	6 238 510	6 133 983	104 527	226 851	325 600	-98 749	-98 749	-1 146 635	-1 287 394	140 759	0	140 759	146 537
Samnanger barneskule	7 531 534	7 451 174	80 360	575 386	443 500	131 886	131 886	-607 729	-497 742	-109 987	0	-109 987	102 259
Samnanger ungdomsskule	3 724 407	3 707 795	16 612	220 346	269 833	-49 487	-49 487	0	-800	800	0	800	-32 075
<b>Sum sektor oppvekst</b>	<b>18 071 481</b>	<b>18 185 202</b>	<b>-113 721</b>	<b>2 759 945</b>	<b>2 522 933</b>	<b>237 012</b>	<b>237 012</b>	<b>-1 754 364</b>	<b>-2 634 936</b>	<b>880 572</b>	<b>0</b>	<b>80 572</b>	<b>203 863</b>

Totalt sett ingen større avvik å melde om. Barnehageeininga har utfordringar med sjukefråver og auka vikarutgifter. Inntektene ligg litt lågt, men kan justere seg inn til hausten. Den nye pedagognorma trer i kraft frå hausten og det er tilsett fleire pedagoger. Det som skaper usikkerheit er den nye bemanningsnorma som endå ikkje er vedtatt. Det er og uklart om det vil følgje finansiering med og om den evt vil dekke alle meirkostnader. Dette vert først avklart i haust. Barneskulen er i gang med arbeidet med å omorganisere SFO. Det er framleis knytt noko usikkerheit til den nye pedagognorma på skule og korleis dette vil slå ut økonomisk i Samnanger. Det som verkar å vere klart er at det ikkje vil kome ytterlegare tilskotsmidlar til kommunen knytt til skule. Ungdomsskulen meldar ikkje om avvik.

### Sektor helse og omsorg:

	Lønn og refusjon			Andre utgifter					Inntekter				Meirforbruk +	
	rekneskap	Budsjett	avvik	rekneskap	Budsjett	avvik	korrigert avvik		rekneskap	Budsjett	avvik	korrigert avvik		sum avvik
Helse og omsorg, adm	182 439	180 386	2 053	4 075	3 333	742		742	0	0	0		0	2 795
Tenester for funksjonshemma	3 583 358	3 751 681	-168 323	950 684	867 077	83 607	0	83 607	-16 747	-3 333	-13 414		-13 414	-98 130
Sjukeheim	8 519 803	8 456 991	62 812	1 089 866	835 711	254 155	-100 000	154 155	-1 312 234	-1 767 333	455 099	-231 847	223 252	440 219
Heimetenester	4 385 650	4 814 630	-428 980	496 763	523 381	-26 618	50 000	23 382	-394 283	-282 547	-111 736	105 230	-6 506	-412 104
Nav og flyktningekontor	1 831 387	2 000 564	-169 177	1 345 097	1 237 767	107 330		107 330	-999 430	-670 167	-329 263	345 000	15 737	-46 110
Helsetunet (løn mai)	3 185 652	3 324 291	-138 639	730 464	1 421 733	-691 269	637 500	-53 769	-52 869	-45 000	-7 869		-7 869	-200 277
<b>Sum sektor helse og omsorg</b>	<b>21 688 289</b>	<b>22 528 543</b>	<b>-840 254</b>	<b>4 616 949</b>	<b>4 889 002</b>	<b>-272 053</b>		<b>315 447</b>	<b>-2 775 563</b>	<b>-2 768 380</b>	<b>-7 183</b>	<b>218 383</b>	<b>211 200</b>	<b>-313 607</b>

**Tenester for funksjonshemma:** Det har vore utfordrande å rekruttere nok støttekontaktar. Totalt sett er det ein innsparing på lønn og refusjon på ca 150 000 pr april.

**Sjukeheimen** har hatt fleire utfordringar så langt i år. Det vart vedtatt sal av ca 2 sjukeheimplassar i 2018 med ei inntekt på 2,4 mill kroner. Hausten 2017 selde sjukeheimen i ein periode 5 plassar til Os kommune. Så langt i år har me inngått avtale med sal av 1 plass til Fusa kommune i perioden medio februar til 31.05.18 og sal av 2 plassar til Os kommune 6 veker i sommar. Tapte inntekter for sal til andre kommunar pr august vil vere på ca 1 mill kroner. Det har og i periodar vore få ledige plassar på sjukeheimen. Dette har og gitt auka inntekter. Pr august er meirinntektene berekna til kr 600 000, netto tapte inntekter på kr 300 000. Pr april har kommunen eit netto inntektstap på sjukeheimplassar på kr 200 000.

Sjukepleiersituasjonen på Samnangerheimen har vore utfordrande og det er blitt brukt ein del ekstra på vikar og overtid. Sjukeheimen har og hatt krevjande pasientar som til tider har krevd auka bemanning. Det har og vore fokus på å tilrettelegge for tilsette for å unngå sjukemeldingar. Dette kostar, men kommunen får dekkja noko av utgifta. Totalt sett kostar dette mindre enn vikarbruk ville gjort. Eit resultat er og at sjukefråveret er gått ned. Vakante stillingar har fram til no dekkja meirkostnad på lønnsbudsjettet.

Pr april er det eit meirforbruk på ca kr 400 000. Noko forventar me at sjukeheimen vil klare å dekke inn på eige budsjett. Det store usikkerhetsmomentet på sjukeheimen er sal av plassar. Me vil ha meir kunnskap om dette etter sommaren. Inntektstapet fram til no er det liten mogelegheit for å dekke inn.

**Heimetenestene** har hatt innsparing på lønn og refusjon som skuldast vakante stillingar. Det har vore utfordrande å få inn nok fagfolk og eininga har leigd inn frå vikarbyrå. Totalt sett ein innsparing på ca kr 350 000.

**Nav og flyktningekontoret** har hatt auka utgifter til sosialhjelp, men innsparing på løn og refusjon. Totalt sett er budsjettet under kontroll.

**Helsetunet** har fått tilsett psykolog i 2018. Løn til førstehjelpsbil viser meirforbruk på ca 50 000 pr mai (vakt vert betalt ut 2 gongar pr år). Det er ei innsparing på løn på legekantoret som pr mai er på ca 150 000. Netto innsparing helsetunet kr 100 000.

### Sektor samfunn, utvikling og kultur.

	Lønn og refusjon			Andre utgifter					Inntekter				Meirforbruk +	
	rekneskap	Budsjett	avvik	rekneskap	Budsjett	avvik	korrigert avvik		rekneskap	Budsjett	avvik	korrigert avvik		sum avvik
Samfunn og utvikling, adm	254 652	247 602	7 050	50 218	10 000	40 218		40 218	0	0			0	47 268
Teknisk forvaltning	2 139 802	2 055 582	84 220	483 176	611 700	-128 524		-128 524	-331 668	-436 667	104 999		104 999	60 695
Teknisk drift (eks sjølvkost)	3 138 689	2 976 115	162 574	2 976 889	2 035 902	940 987	0	940 987	-647 659	-651 833	4 174	0	4 174	1 107 735
Kultur (inkl kyrkja mm)	1 185 707	1 372 798	-187 091	1 892 332	1 365 565	526 767	-429 000	97 767	-198 022	-166 533	-31 489		-31 489	-120 813
Næringsforemål	38 299	37 381	918	50 488	81 667	-31 179		-31 179	-1 625 187	-1 036 667	-588 520		-588 520	-618 781
<b>Sum sektor samfunn, utvikling og kultur</b>	<b>6 757 149</b>	<b>6 689 478</b>	<b>67 671</b>	<b>5 453 103</b>	<b>4 104 834</b>	<b>1 348 269</b>		<b>919 269</b>	<b>-2 802 536</b>	<b>-2 291 700</b>	<b>-510 836</b>	<b>0</b>	<b>-510 836</b>	<b>476 104</b>

Det er kjøpt inn hjartestartar som er plassert ut på alle offentlege bygg. Desse er ført som beredskap og det var ikkje lagt inn i budsjettet. Kostnad kr 46 000.

**Teknisk forvaltning.** Inntektene på forvaltning ligg litt under budsjettmålet, men fleire av inntektene

er noko sesongavhengig (som for eks oppmåling og byggesak) og dette kan endre seg i løpet av sommaren.

**Teknisk drift.** Ny einingsleiar starta 1.april. Den største utfordringa for denne eininga har vore brøytesesongen som no er avslutta.

Det er betalt ut ca 400 000 i overtid inkl sosiale kostnader, innleige av brøytemannskap har kosta kr 220 000 og vegsalt har kosta kr 140 000. Totalt kr 760 000 i direkte utgifter knytt til brøyting.

Budsjettet er på ca kr 200 000 som og skal dekke utgifter i november og desember.

Eininga vil så langt som mogeleg forsøke å dekke meirforbruket innafor eige budsjett, men ein konsekvens vil vera at det ikkje vert asfaltere som planlagt. Eininga vil ha betre oversikt over konsekvensar av innsparingstiltak etter sommaren og vil evt. kome tilbake til dette dersom det viser seg at det ikkje er mogeleg å dekkja ekstraordinære brøyteutgifter innafor eige budsjett.

**Kultur.** Innsparing på vakante stillingar i starten av året vil gå til å dekke meirutgifter til oppstart og prosjektkostnad. Totalt sett er budsjettet under kontroll.

### **Rådmannskontor og administrasjon.**

	Lønn og refusjon			Andre utgifter					Inntekter			Meirforbruk +		
	rekneskap	Budsjett	avvik	rekneskap	Budsjett	avvik	korrigert avvik		rekneskap	Budsjett	avvik		sum avvik	
Rådgjever mm	1 968 539	1 995 984	-27 445	1 668 144	1 081 615	586 529	-570 000	16 529	-11 017	-20 000	8 983		8 983	-1 933
Barnevern			0	8 000	1 667	6 333	-250 000	-243 667	-13 500	0	-13 500		-13 500	-257 167
Rådmann og stab	1 624 948	1 975 037	-350 089	595 294	465 300	129 994	250 000	379 994	-16 994	-8 333	-8 661		-8 661	21 244
<b>Rådmannskontor og adm.</b>	<b>3 593 487</b>	<b>3 971 021</b>	<b>-377 534</b>	<b>2 271 438</b>	<b>1 548 582</b>	<b>722 856</b>	<b>-570 000</b>	<b>152 856</b>	<b>-41 511</b>	<b>-28 333</b>	<b>-13 178</b>		<b>-13 178</b>	<b>-237 856</b>

Det er innsparing på løn og refusjon knytt til vakant stilling og pga sjukemeldingar på løn og økonomikontoret. Økonomikontoret har og hatt ekstra utgifter knytt til eigedomsskatt. Netto innsparing er på på kr 300 000.

Det er vedtatt at det skal sparast inn kr 250 000 knytt til prosjekt sjukefråver og kr 750 000 knytt til utfordringar på barneskulen. Det vil derfor vere naturleg å overføre netto innsparing i organisasjonen til dette området. Netto innsparing er pr april på kr 367 200.

Det er sett i gang fleire prosjekt i organisasjonen og kommunen har fått tilskot til felles leiaropplæring og til eit prosjekt knytt til arbeidsmiljø som skal gå over to år.

Kommunen får prognoser kvart tertial på barnevern og blir underretta fortløpande dersom det er grunn for det. Prognosen pr april viser ei innsparing på ca kr 250 000.

### **Investering**

Oversikta under viser investeringsprosjekt i 2018. Teknisk drift er ansvarleg for dei fleste prosjekta. Det har vore skifte av einingsleiar og planlegging og framdriftsplan for desse prosjekta er så vidt starta opp.

Tabell:

Investeringsprosjekt	Budsjett	avvik mot budsjett (+= meirforbruk)	Forklaring
Vatn- og avløp:			
Avløp Tysse	3 000 000	-	Må utgreiast.
Vassforsyning	2 000 000	-	Må utgreiast.
Bygg:			
Kommunehus, ombygging	230 000	-	Må vurderast/ diskuterast
Kommunehus, nytt nøkkelsystem	187 500	-	Ikkje starta opp
Ungdomsskule, renovering av tak	375 000	-	vert utført etter ferien
Ungdomsskule, toalett	162 500	-	Skal hente inn prisar, vert utført i haust
Barnehage, nytt leikeutstyr	125 000	-	Ventar tilbakemelding frå barnehagen
Veg:			
Gangsti til Hagabotnane	375 000	-	Grunneigaravtale er på plass.
Bruer- sikring	562 500	-	Ikkje starta opp
Sikre Liavegen med rekkverk	2 250 000	-	Skal ut på anbod før ferien. Oppstart så snart som mogeleg.
Andre tiltak:			
Utsifting pc skule	218 750	-	Under arbeid
Frigjeringsutstyr Brann	225 000	7 000	Utstyr er kjøpt inn
Web-sak fokus	386 675	-	Under arbeid/ i rute
Sal av kommunale eigedomar	500 000	-	Under arbeid

I tillegg til prosjekta i vedtatt budsjett er det og trong for nokre budsjettjusteringar knytt til andre hendingar.

I Rolvsvåg industriområde er det selt ein tomt for kr 379 000 som vert forslått å sette av til ubinde investeringsfond. Det er og investert i Rolvsvåg vassanlegg for kr 102 300 som vert forslått finansiert med ubunde investeringsfond.

Arbeidet med veg i Rolvsvåg industriområde har gått som planlagt. Det vert sluttbefaring/ overtakelsesforretning i mai. Det har vore nokre mindre justeringar (ca kr 32 000). Budsjettjustering vert lagt fram i 2. tertialrapport når slutfaktura er mottatt.

På Bjørkheim vart det kjøpt ein liten tomt i samband med utfylling av stein og planering. Sum kr 11 250 vert foreslått finansiert med ubunde investeringsfond.

Eigedomen som sjukeheimen mottok som arv i 2017 er no selt. Salsum er kr 3 270 000. Kommunen har hatt utgifter i samband med salet og med utrydding og tømning av hus på tilsaman ca kr 270 000. Netto gevinst kr 3 000 000 vert sett av på nytt investeringsfond sjukeheim.

#### **Oppsummering økonomirapportering pr april:**

Jfr Kommuneloven § 47 skal Kommunestyret foreta dei endringar som er nødvendige for å ha eit budsjett i balanse. Det er svikt i skatteinngang og i eigedomsskatt, i tillegg har ikkje kommunen fått selt sjukeheimsplassar som planlagt. På plussida er det meirinntekter på inntektsutjamning, konsesjonskraft og tilskot frå IMDI. I tillegg er det mindreforbruk på barnevern, heimetenester, helsetun og økonomikontor. Totalt sett går det i balanse ved å foreta budsjettjusteringar mellom områda. Det er og området som me er usikre på og som me vil vente til neste rapportering før me evt. ber om tilleggslyving/ budsjettjustering. Dette gjeld mellom anna teknisk drift (brøyting) og sal av sjukeheimsplassar ut året. Det er og knytt noko usikkerheit til korleis den nye pedagognorma på skule vil påverke budsjettet og korleis pedagog-og bemanningsnorm på barnehage vil påverke budsjettet her.

Fylgjande budsjettjusteringar vert foreslått:



	Utgift opp/ Inntekt ned	Utgift ned/ Inntekt opp
<b>Driftsbudsjettet:</b>		
Redusert skatt	1 600 000	
Auka inntektsutjamning		600 000
Auka rammetilskot		26 000
Eigedomsskatt	465 000	
Konsesjonskraft		800 000
Auka tilskot IMDI		102 200
Næringsbygg Bjørkheim, riving og opprydding		200 000
Finansiering næringsfond	200 000	
Innsparing tenester for funksjonshemma		150 000
Meirforbruk sjukeheim / manglande inntekt sal av plassar	200 000	
Innsparing løn heimetenester		350 000
Innsparing helsetun		100 000
Innsparing økonomikontor		300 000
Barnevern		250 000
Hjertestartar	46 000	
Overført til pålagt innsparing organisasjon	367 200	
<b>Investeringsbudsjettet:</b>		
Frigjeringsutstyr brann	7 000	
Finansiering ubunde investeringsfond		7 000
Sal av tomt i Rolvsvåg industriområde		379 000
Avsett til ubunde investeringsfond	379 000	
Investering Rolvsvåg vassverk	102 300	
Finansiering ubunde investeringsfond		102 300
Investering Bjørkheim	11 250	
Finansiering ubunde investeringsfond		11 250
Sal av hus på Garnes		3 270 000
Utgift i samband med sal inkl tømning av hus	270 000	
Avsett til investeringsfond sjukeheim	3 000 000	
<b>Kontrollsum</b>	<b>6 647 750</b>	<b>6 647 750</b>